

FAGOMRÅDA OG PROGRESJONSPLAN

Rammeplanen deler fagområda inn i sju områder som er sentrale for oppleving, utforsking og læring. Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barna og skal bidra til å fremma trivsel, allsidig utvikling og helse. I barnehagen integrerer me fagområda i det daglege arbeidet.

Barna skal utvikle kunnskaper og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Barnehagen skal bruke ulikt materiell og utstyr i arbeidet med fagområda.

Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

For å sikre at barna får progresjon i sitt møte med dei ulike fagområda, har barnehagen laga ein plan for kva dei skal arbeide med på dei ulike aldersgruppene.

PROGRESJONSPLAN

| Kommunikasjon, språk, tekst | |
|---|--|
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none">• Bade barna i språk, sette ord på alt me gjer i kvardagen.• Bruke konkretar for å gje orda innhald.• Øve på å følgje enkle beskjedar.• Delta på enkle songar, rim og regler.• Bruke peikebøker, og enkle biletbøker. | <ul style="list-style-type: none">• Gjera seg forstått og delta i samtale med andre barn.• Bruka orda sine for å beskriva ulike kjensler.• Nytte songar, rim og regler i kvardagen.• Leike med språket.• Klappe stavingar.• Fortelje historiar, gjenkalle opplevingar.• Etter kvart klare å følga felles beskjedar.• Lese bøker med meir og meir tekst.• Kjenna att bokstaven i namnet sitt. |
| Kropp, rørsle, mat og helse | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none">• Gå små turar fleire dagar i veka.• Krype og gå i ulent terreng.• Øve seg på varierte rørsler t.d. hoppe, rulle, balansere.• Øve seg på å ete og drikke sjølv.• Øve seg på å vaske hendene. | <ul style="list-style-type: none">• Faste turdagar fleire dagar i veka.• Aktiv bruk av kroppen, t.d. klatre, hoppe, balansere.• God rutine for handvask før måltid og etter toalettbesøk.• Kunne namn på ytre kroppsdelar. |

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Kunne namn på nokre kroppsdelar. • Få varierte sanseopplevingar både ute og inne, i og utanfor barnehageområdet året rundt. | <ul style="list-style-type: none"> • Kunne litt om organa inni kroppen. • Kunne kle seg sjølv. • Kjenne til sansane våre. • Kunne noko om kvar maten kjem i frå (mjølk, egg, kjøtt, fisk, bær, frukt etc). • Jevnleg få øve på å smøre maten sin sjølv. |
| Kunst, kultur og kreativitet | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bruka sansane til å utforske gjenbruksmateriell. • Få erfaring med formingsmateriell. • Delta i enkle dramaøvingar. • Bevega seg og dansa etter musikk. | <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med ulike formingsteknikkar, klippe, lime, male, snekre, teikne. • Dramaleik, kunne dramatisere enkle eventyr /forteljingar, framføre ei dramatisering/ ein konsert for publikum. • Delta i og utforske ulike musikalske uttrykk, syngje songar med fleire vers. • Kreativ bruk av ulikt formingsmateriell til dømes naturmaterial som kongler, steinar, pinnar o.l. |
| Natur, miljø og teknologi | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none"> • Få sjå og ta på planter, småkryp, fuglar og husdyr som fins i nærområdet til barnehagen. • Erfare ulike årstider og ulike fenomen som regn, vind, snø, is, sol og varme. • Kjenne att de vanlegaste småkryp, insekt, planter og tre. • Bruke alle sansene i naturen, td lukte på blomar, kjenne på snøen og leike med sølevatn. • Bruke naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring. | <ul style="list-style-type: none"> • Kunne namn på nokre fugleartar, dyreartar, planteartar, småkryp og insekts artar som finst i nærområdet til barnehagen. • Få kunnskap om naturen gjennom dei ulike årstidene og om kva som skjer i dei ulike årstidene. • Læra litt om korleis me kan ta vare på naturen og kva berekraftig utvikling er. |

| | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Introdusere i kjeldesortering, og plukke med oss søppel når me er på tur. | |
| Mengd , rom og form | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none"> • Få erfaring med volum og tyngde gjennom leik inne og ute. • Kunne orientere seg i barnehagen sine ulike rom. • Sortere og kategorisere t.d. bilar, klossar og dyr. • Få erfaring med mengde. Telle saman med barna. • Snakke om fargar. • Bli kjent med former inne og ute. | <ul style="list-style-type: none"> • Kunne orientere seg i barnehagen sitt nærmiljø. • Leik med ulike materiale td. Konstruksjonsleik, eller leik med ulike former. • Lære talsymbol og bli kjend med tal frå 1-20. • Kunne fargane. • Leggja puslespel eller spela spel med fleire saman. |
| Etikk, religion og filosofi | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none"> • Gryande forståing for andre barn sine ynskjer, oppmuntre til å vera gode mot kvarandre. • Gjera enkle val og oppleve medbestemming. • Delta på tradisjonar og markeringar av høgtider i barnehagen. | <ul style="list-style-type: none"> • Vera ein god ven og ta omsyn til kvarandre. • Visa og setta ord på kjensler hjå seg sjølv og andre. • Få erfaring med å ta eigne val. • Aktiv deltaking i tradisjonar og markering av høgtider i barnehagen. |
| Nærmiljø og samfunn | |
| Småbarn | Storebarn |
| <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent i nærmiljøet og området rundt barnehagen. • Opplive å vere ein del av fellesskapet på gruppa. • Bli kjent med omgrepet familien min. • Bli kjent med ulike tradisjonar og merkedagar | <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent i lokalsamfunnet. Utforska ulike landskap og bli kjent med arbeidsplassar i nærmiljøet. • Kven er eg? Kven er du? Nokon har mørkt hår andre lyst. Me ser oss sjølv og andre. Utvikla forståing for ulikheit og for ulike tradisjonar og levesett. • Bli kjend med lokalhistorie og lokale tradisjonar. • Læra litt om samisk kultur gjennom bilete, mat og musikk. • Delta aktivt på feiring av merkedagar. • Utvikle forståing for fellesskapet og kva det vil seie å vera ein del av eit |

| | |
|--|--|
| | <p>felleskap. Ta omsyn og sjå kvarandre. Alle har ein viktig plass i fellesskapet.</p> |
|--|--|